# RUTINAR FOR SPESIALPEDAGOGISK ARBEID I BARNEHAGE OG SKULE I ÅRDAL KOMMUNE




Kjelde: "Rettleiar til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning" (Utd.dir.)
Rettleiing om spesialpedagogisk hjelp.pdf
Opplæringslova
Forvaltningslova

**RUTINAR FOR SPESIALPEDAGOGISK ARBEID I BARNEHAGE OG SKULE I ÅRDAL KOMMUNE** ..... 1

**1. INNLEIING** ..... 4

**2. LOVER OG FORSKRIFTER** ..... 5

**2.1 Aktuelle lover for barn under opplæringspliktig alder** ..... 5
2.1.1 Lov om barnehagar ..... 5
2.1.1.1 TILTAK FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE: ..... 5
2.1.2 Forskrift til barnehagelova ..... 5
2.1.3 Opplæringsloven § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder ..... 6

**2. 2 AKTUELLE LOVER FOR BARN I GRUNNSKULEN** ..... 7
2.2.1 Opplæringslova ..... 7

**3. HANDLINGSSIRKEL** ..... 10
3.1 SPESIALUNDERVISNING: FASE 1 - 4 ..... 10
3.2 SPESIALPEDAGOGISK HJELP FASE 1 – 4: ..... 11

**4. SAKSGANG – SAKSHANDSAMING** ..... 15

**4.1 ÅRSPLAN – RUTINAR FOR ARBEIDET MED SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG STYRKINGS-TILTAK I BARNEHAGAR** 15

**4.2 ÅRSPLAN – RUTINAR FOR ARBEIDET MED SPESIALUNDERVISNING I SKULEN** ..... 16

**5. PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)** ..... 17

**6. ANDRE FAGMILJØ** ..... 17

**7. INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN,(IUP) OPPLÆRINGSPLAN(IOP) OG HÅLVÅRSRAPPORT** ..... 18

**7.1 INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN (IUP)** ..... 18
7.1.1 Rettleiing for utfylling av IUP (Individuell utviklingsplan) og rapport ..... 18

**7.2 INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP)** ..... 19
7.2.1 Rettleiing for utfylling av IOP (Individuell opplæringsplan) og rapport ..... 19
7.2.2 Utfylling av planen: ..... 19
7.2.3 Rutinar ved skriving av IOP – individuell opplæringsplan ..... 21
7.2.4 Rutinar ved skriving av halvårsrapport ..... 22
7.2.5 Skrivetips for halvårsrapportar ..... 22

**8. SKJEMA** ..... 23

**8.1 MELDING TIL PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE ÅRDAL KOMMUNE** ..... 23

**8.2 Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp** ..... 27

**8.3 Enkeltvedtak om spesialundervisning** ..... 29

**8.4 melding om rett til å klage** ..... 31

8.5 skjema - iup - barnehage ....................................................... 32

8.6 Rapport IUP - barnehage ....................................................... 33

8.7 INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP) ....................................................... 35

8.8. REGISTRERING AV BEHOV FOR RESSURSAR TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG ELLER EKSTRA RESSURSAR TIL BARN MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE ....................................................... 36

8.9 Registrering av behov for tilleggsressursar/styrkingstiltak/ spesialundervisning ....................................................... 37

8.10 SAMTYKKE OM ENKELTVEDTAK. ....................................................... 38

9. NYTTIGE DOKUMENT/REFERANSAR ....................................................... 39

# 1. INNLEIING

Dette heftet byggjer på tilsvarande frå 2008. Grunna endringar, både i lovverket og rutinar i det kommunale arbeidet, var det trong for revidering.

Rutineheftet skal gje barnehagar og skular hjelp til å tilretteleggje spesialundervisning for barn i grunnskulealder, og spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder.

Målet med heftet er å sikre best mogleg kvalitet på det spesialpedagogiske arbeidet i kommunen ved å klargjere arbeidsoppgåver og rutinar. Det tek mellom anna føre seg:

- Lover og forskrifter
- Årshjul for spesialpedagogisk arbeid i skular og barnehagar
- Saksgang og sakshandsaming
- Pedagogisk-psykologisk teneste og andre fagmiljø
- Individuell utviklingsplan, individuell opplæringsplan og halvårsrapportar
- Ulike skjema til bruk i saksgang og spesialpedagogisk arbeid

Årdal september 2011

# 2. LOVER OG FORSKRIFTER

## 2.1 AKTUELLE LOVER FOR BARN UNDER OPPLÆRINGSPLIKTIG ALDER

### 2.1.1 Lov om barnehagar

*§ 13 Barn med nedsatt funksjonsevne*
*"Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.*

*Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.*

*Kommunen har ansvar for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage."*

Lov om barnehager: http://lovdata.no - lov om barnehager

#### 2.1.1.1 TILTAK FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE:

- Tiltak skal føre til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphaldet i barnehage.
- Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering av om barnet har nedsett funksjonsevne.
- Tiltaket kan m.a. nyttast til å styrke bemanninga
- Spesialpedagogiske tiltak etter opplæringslova §5-7, kjem i tillegg

**PPT si rolle:**

- Gjere ein sakkunnig vurdering av om barnet har nedsett funksjonsevne.
- Eventuelt gje ei skriftleg tilråding om styrking av bemanninga i tråd med intensjonen i rundskriv om barn med nedsett funksjonsevne . Vert sendt til styrar.

### 2.1.2 Forskrift til barnehagelova

*Kap. 1.9 i Rammeplan (utdrag)*
*"Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur".*
*(Barnehageloven §2 – Barnehagens innhold)*
*"Barn under opplæringspliktig alder er ikke en ensartet gruppe, og barn møter barnehagen med ulike forutsetninger. Likeverdige barnehagetilbud av god kvalitet krever derfor individuell tilrettelegging av tilbudet og lokal tilpasning av innholdet.*
*Barnehagens innhold skal utformes slik at det kan oppleves meningsfullt for det enkelte barn og gruppen. Barnehagens omsorgs- og læringsmiljø skal fremme barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd. Barnehagen må gi det enkelte barn støtte og utfordringer ut fra egne forutsetninger, og bidra til et meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og voksne".*

Sjå her om : Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene i barnehagen

### 2.1.3 Opplæringsloven § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder

*"Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgiving. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skolar, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogisk-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans".*
*For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5-4 andre og tredje leddet i lova. § 5-5 andre leddet i lova gjeld så langt det passar."*

PPT skal i den sakkunnige vurderinga i høve til barn i barnehage ta standpunkt til:

- Sein utvikling eller lærevanskar hjå barnet og andre forhold som er viktig for barnet si utvikling
- Realistiske mål for barnet si utvikling og læring
- Kva slags spesialpedagogisk hjelp vil gje barnet ei forsvarleg utvikling?

Frå merknadane til § 5-7 i Ot.prp 46 tek vi med eit utdrag:
Lovutkastet fastset ikkje ei nedre aldersgrense. På same måten som for spesialundervisning i grunnskole må ein i desse tilfella gjere ei totalvurdering av om vilkåret for å ha rett til spesialpedagogisk hjelp er oppfylt, ut frå skjønn.

Regelen nytter uttrykket «spesialpedagogisk hjelp» i staden for «spesialundervisning». Uttrykket omfattar meir enn det ein vanlegvis legg i «spesialundervisning». Ei slik hjelp kan omfatte leikotekverksemd, trenings- og stimuleringstiltak og rettleiing til personalet i barnehagen. Hjelpa skal alltid omfatte tilbod om foreldrerådgiving.

Retten til spesialpedagogisk hjelp skal vurderast ut i frå barnet sitt behov og ikkje ut frå på tilpassing/ tilrettelegging, utbytte og likeverd.

Retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder er ikkje avhengig av at barnet går i barnehage, og barnehagelova pålegg ikkje kommunen å gi spesialpedagogisk tilbod til funksjonshemma barn som får barnehageplass.

Spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 skal vere gratis. Dette gjeld sjølv om tilbodet blir gitt i barnehage.

Fritak frå foreldrebetaling er nærare omtala i Kunnskapsdepartementets rundskriv F-39-01:
"Ved beregningen av hvor mye av oppholdstiden i barnehagen som det skal gis fradrag for i foreldrebetalingen, må det være den direkte hjelpen overfor barnet som teller."

# 2. 2 AKTUELLE LOVER FOR BARN I GRUNNSKULEN

## 2.2.1 Opplæringslova

Aktuelle dokumenter er m.a.:
Opplæringslova av 17. juli 1998 nr. 61.
Innst. O nr. 17 (1997 – 1998)
Ot. prp nr 46 (1997 –1998)
NOU 1995 nr. 18

Lovteksten i det følgjande er oppdatert pr. 27. januar 2009.

Sjå her: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

### § 1-3 Tilpassa opplæring

***"Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten."***

Retten til tilpassa opplæring vart ved lovendringa i 1997 løfta opp til føremålsparagrafen.

I NOU 1995 nr.18. kap.19.3.3.2 er tilhøvet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning handsama. Der heiter det m.a.: "*Bestemmelsen kan … ikke forstås slik at den gir alle elever rett til et individuelt tilrettelagt opplæringstilbud.*" Og videre: "*I den utstrekning det her er rimelig å tale om rettigheter, er det rettigheter av et relativt diffust innhold.*"

Lovutvalet seier vidare: "*Siden retten til spesialundervisning må ses på bakgrunn av elevens mulighet for utbytte av det ordinære opplæringstilbud, vil en elev som har rett til spesialundervisning på én skole, ikke nødvendigvis ha rett til dette i en annen skole dersom denne skolen makter å tilpasse det ordinære opplæringstilbudet og på den måten imøtekomme de ulike elevenes behov.*"

Lovutvalet seier også noko om kva retning skulen bør gå i: "*Der er også i dag enighet om at det i større utstrekning bør satses på pedagogiske og organisatoriske differensieringstiltak i den ordinære opplæringen framfor å gi spesialundervisning til enkeltelever.*"

Denne lovforståinga er lagt til grunn for opplæringslova slik ho no er formulert.

### § 5-1. Rett til spesialundervisning

***"Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.***
***I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei***

***opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2."***

Frå merknadene til § 5-1 i Ot.prp 46:

"*At spesialundervisning skal givast som ein rett til den enkelte, vil seie at eit opplæringstilbod på det minstenivået lova nemner, blir halde utanfor den fridommen kommunane har til å gjere økonomiske prioriteringar. Kommunen eller fylkeskommunen kan da ikkje lovleg avslå eit krav om spesialundervisning med den grunngivinga at det ikkje er sett av midlar til dette i kommunebudsjettet. Det er ikkje noko eintydig kriterium kva som er tilfredsstillande utbytte, men spørsmålet må vurderast ut frå ei avveging ut frå skjønn … I at utbyttet skal vere tilfredsstillande, ligg det derfor at eleven kan ha rett til spesialundervisning også der han har eit visst utbytte av opplæringa."*

**§ 5-3. Sakkunnig vurdering**

***"Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.***

***Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til***
- ***eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet***
- ***lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa***
- ***realistiske opplæringsmål for eleven***
- ***om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet***
- ***kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod***

*(…)*

***Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1 eller § 5-7."***

Frå merknadene til § 5-3 i Ot.prp 46:

"*Eit vedtak i kommunen og fylkeskommunen om spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få.*

*I ein del tilfelle, der behovet for spesialundervisning er stabilt og godt dokumentert, kan det … gjerast vedtak for fleire år om gongen.*

*Regelen gir ein rett for eleven og/eller foreldra til å krevje sakkunnig vurdering med sikte på å fastslå om eleven har særlege behov for - og dermed rett til - spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp.*

*Dei sakkunnige er i lova ikkje gitt kompetanse til å ta bindande avgjerder. … Den sakkunnige vurderinga er såleis rådgivande."*

Merk at det er eit krav at det *skal* vere sakkunnig vurdering før det vert fatta vedtak om spesialundervisning. Dette fritar ikkje skulen/ kommunen frå å setje i verk naudsynte tiltak inntil sakkunnig vurdering ligg føre, dersom det er naudsynt. Eit slikt tiltak vil da vere å rekne som tilpassa opplæring

I andre ledd er lista opp kva tilhøve den sakkunnige vurderinga skal ta standpunkt til som eit minimum. Vedtaksorganet, i Årdal kommune kommunalsjef, må ta stilling til om den sakkunnige vurderinga er tilfredsstillande som grunnlag for å gjere vedtak.

Merk at grunngjevingsplikta etter fjerde ledd gjeld sakkunnig vurdering, ikkje søknad.

**§ 5-4  Nærare om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning**

***"Eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng. Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades.***

***Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven. Med dei avgrensingane som følgjer av reglane om teieplikt og § 19 i forvaltningslova, har eleven eller foreldra til eleven rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det blir gjort vedtak.***

***Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn."***

Utdrag frå merknadene til § 5-4 i Ot.prp 46:

*"Om eleven sjølv eller foreldra til eleven skal gi samtykke etter andre leddet, må avgjerast etter lov av 8. april 1981 om barn og foreldre.*

*Tredje leddet i regelen gir PP-tenesta plikt til å rådføre seg med eleven og/eller foreldra i arbeidet med å forme ut tilbod om spesialundervisning og å leggje stor vekt på synspunkta deira. Ei tilsvarande plikt har vedtaksorganet der ein ikkje følgjer tilrådinga frå PP-tenesta."*

# 3. HANDLINGSSIRKEL

FOR SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG SPESIALUNDERVISNING

## 3.1 SPESIALUNDERVISNING: FASE 1 - 4

**Skulen si kartlegging**
**s.30 -31 og 45**

- Kva består vanskane i ?
- Kva tiltak har vore prøvd ?
- Korleis har desse fungert ?
- Kan arbeidsmåtar, organisering, utstyr m.v. føre til auka læringsutbyte ?
- Er det tilhøve kring eleven som er årsak til eller forsterka vanskane ?
- Er det rutinar eller organisatoriske løysingar som forsterka problema ?

**Konklusjonar**
**s. 50 - 51**

- Eleven får eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa. Det er ikkje trong for spesialundervisning.
- Enkeltvedtak og melding til føresette med opplysning om klagerett
- Eller:
- Saka bør sendast over til PPT for nærare utgreiing

**Melding til PPT**
**s. 51 -**

- Meldinga skal vere skriftleg
- Pedagogisk rapport frå skulen - skulen sine utgreiingar, vurderingar av eleven sine behov og tiltak som har vore prøvd ut.

**Sakkunnig vurdering**
**s. 53 -**

- Tilråding til kommunen om eleven har behov for spesialundervisning eller ikkje
- Tilråding om kva som i tilfelle vil vere eit forsvarleg opplæringstilbod
- Greie ut og ta standpunkt til eleven sitt utbyte av det ordinære opplæringstilbodet
- Lærevanskane til eleven og andre viktige tilhøve som er viktige for opplæringa
- Realistiske opplæringsmål
- Om ein kan hjelpe eleven innanfor det ordinære opplæringstilbodet

**Enkeltvedtak**
**s. 67 -**

- Vedtaksinstansen (skuleeigar/ skulen) **skal vurdere og avgjere om eleven har rett** til spesialundervisning (§5-1)
- Samtykkje frå føresette
- Det skal fattast enkeltvedtak i alle saker der skulen / skuleeigar har meldt eleven til PPT
- Eit enkeltvedtak skal vere så klårt at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få
- Innhaldet i opplæringa
- Organisatorisk gjennomføring og eventuelle støttetiltak.
- Omfanget av spesialundervisninga.
- Melding til føresette med opplysning om klagerett

Opplæringslova § 5-1

## 3.2 SPESIALPEDAGOGISK HJELP FASE 1 – 4:

**Før tilmelding og utgreiing**
**s. 7 - 9**

- Mistanke om behov for spesialpedagogisk hjelp
- Føresette bed om sakkunnig vurdering eller søkjer om spesialpedagogisk hjelp
- Barnehagen hentar inn samtykkje når ein ynskjer å be om sakkunnig vurdering

**Melding til PPT**
**s. 9 - 10**

- Saka vert sendt PPT for sakkunnig vurdering
- Kommunen bed PPT greie ut barnet sine behov

**Sakkunnig vurdering**
**s. 10 - 11**

- PPT gjennomfører sakkunnig vurdering av barnet sine behov- utgreiing og tilråding
- **Skal ta stode til:**
- Sein utvikling eller lærevanskar hos barnet
- Andre tilhøve som er viktige for barnet si utvikling
- Realistiske mål for barnet si utvikling og læring
- Kva slag spesialpedagogisk hjelp som vil gje barnet ei forsvarleg utvikling.
- Rådfører seg med føresette (§ 5-4 tredje ledd)
- Orienterer føresette om innhaldet i den sakkunnige vurderinga

**Enkeltvedtak**
**s. 11 - 13 og 67 -**

- Kommunen skal **vurdere og avgjere om barnet har rett** til spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7.
- Vurderinga må gjerast ut frå barnet sine behov og ikkje ut frå barnehagen si tilrettelegging, utbyte og likeverd.
- Samtykkje frå føresette
- Det skal fattast enkeltvedtak i alle saker der barnehageeigar / barnehagen har bede om sakkunning vurdering frå PPT
- Eit enkeltvedtak skal vere så klårt at det ikkje er tvil om kva for tilbod eleven skal få
- Innhaldet i tilbodet
- Organisatorisk gjennomføring og eventuelle støttetiltak.
- Omfanget av den spesialpedagogiske hjelpa
- Melding til føresette med opplysning om klagerett

Opplæringslova § 5-7

# Fase 4: Vedtaksfasen.

**VEDTAKSFASEN**
**s. 67 - 78**

- Vedtaksinstansen skal avgjere **om eleven har rett** til spesialpedagogisk hjelp / spesialundervisning. Jamfør §§ 5-1, 5-3 og 5-7 i opplæringslova.
- Elevar som ikkje har, eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.
- Enkeltvedtaket må vere i samsvar med opplæringslova kapittel 5 og forvaltningslova
- Dersom det vert innvilga spesialpedagogisk hjelp / spesialundervisning, må enkeltvedtaket ta stode til kva som er eit forsvarleg tilbod
- *Eit vedtak om spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning skal vere så klårt og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for tilbod eleven skal få. Eit vedtak som berre tildelar eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare kravet til innhaldet i eller den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje nok.*
- Enkeltvedtaket skal fastsetje:
- Prinsipp for innhaldet i tilbodet
- Organisatorisk gjennomføring og eventuelle støttetiltak
- Fastsetje omfanget av tilbodet (I tid, klokketimar)
- Særskilde krav til grunngjeving - avvik mellom enkeltvedtak og sakkunnig vurdering

**AKTUELLE LOVER**

- Opplæringslova, kapittel 5
- Forvaltningslova § 11a (førehandsvarsling)
- Forvaltningslova § 17 (krav til utgreiing)
- Forvaltningslova §§ 23, 24 og 25 (grunngjeving)
- Forvaltningslova § 27 (klagerett)
- Forvaltningslova §§ 18 og 19 (partsinnsyn)

## Grunngjeving

**Reglar**

- Vise til "dei reglane vedtaket byggjer på"
- Det skal her visast til reglane i opplæringslova kapittel 5 som vedtaket byggjer på
- For enkeltvedtak om spesialundervisning medfører dette at skuleeigar gjengir innhaldet i § 5-1 eller problemstillinga som er vurdert i samband med enkeltvedtaket

**Faktiske tilhøve**

- Grunngjevinga skal innehalde dei faktiske tilhøva som er lagt til grunn
- Det kan her vere nok å vise til sakkunnig utgreiing

**Forvalningsmessig skjøn**

- Skuleigar bør i grunngjevinga nemne dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjøn (forvaltn.lov § 25)
- Nemne omsyn skuleeigar har trekt inn ved vurdering etter§ 5-1
- I tillegg kjem særskilde krav til grunngjeving (§ 5-3 siste ledd) dersom vedtaksorganet ikkje følgjer tilråding frå PPT. Sjå rettleiing kap. 6.6.1.4

## FASE 1 – 4:Føresette sine rettar:

Føresette kan krevje at kommunen /skulen / barnehagen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp, og eventuelt kva tilbod eleven treng.

Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det vert gjort vedtak om å setje i gang spesialpedagogisk hjelp/ spesialundervisning, skal det hentast inn samtykkje frå føresette.

Tilbod om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og føresette, og det skal leggjast stor vekt på synet deira

Føresette har rett til å bli gjort kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å kunne uttale seg før det vert gjort vedtak

Når føresette krev undersøking, er dette å sjå på som ein søknad.

Dersom føresette har sendt søknad om spesialpedagogisk hjelp / spesialundervisning, er det ikkje naudsynt med samtykkje til sakkunnig vurdering.

Føresette har klagerett på enkeltvedtak

# 4. SAKSGANG – SAKSHANDSAMING

## 4.1 ÅRSPLAN – RUTINAR FOR ARBEIDET MED SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG STYRKINGS-TILTAK I BARNEHAGAR

| Tid | Oppgåve/ handling | Merknad | Ansvar |
|---|---|---|---|
| August | Utarbeide IUP (individuell utviklingsplan) for barn som er tildelt timar til spesped hjelp. | Sjå: *Rutinar for utarbeiding av IUP* | Styrar, eller den som får arbeidsoppgåva pålagt av styrar. Drøfting og samarbeid mellom alle som arbeider med barnet, også føresette. |
| Oktober | Frist for innlevering av IUP. | Gjeld alle som er tildelt timar til spesialpedagogisk hjelp. Original til foreldre, kopi til barnemappe og PPT. | |
| Desember | Melding til skulen om nye førsteklassingar som treng ekstra ressursar | | Styrar |
| Desember | Innlevering av halvårsrapportar | Gjeld alle som er tildelt ressursar til spesialpedagogisk hjelp. Sendast foreldra (originalen), PPT og kommunen v. rådgjevar b/u | Pedagog Styrar |
| Desember | Kort rapport om styrkingstiltak | Til eige bruk og PPT | Pedagog Styrar |
| Januar | Evaluere og ev redigere IUP for vårhalvåret | | Pedagog Styrar |
| Januar | Skjema for spesped hjelp til PPT | Drøfte behov med føresette ut frå IUP | Styrar |
| Februar | Dei føresette søkjer om ressursar til spesped hjelp | Barnehagen hjelper føresette med slik søknad | Styrar |
| Februar/ mars | Tilråding av timar til spesialpedagogisk hjelp. | Frist for innsending til kommunen: 15.mars | PPT |
| 15. mars | Sakkunnig tilråding og søknad om styrkingstiltak | Til kommunen v. rådgjevar | PPT/ styrar |
| Mai/ juni | Evaluering av gjeldande IUP | Evalueringa, i samarbeid med føresette, dannar grunnlaget for neste års IUP | Styrar/ pedagog |
| Mai/ juni | Skrive halvårsrapport | Sendast foreldra (originalen), PPT og kommunen. | Styrar/ pedagog |
| 1. juni | Vedtak om spesialped hjelp kommande barnehageår | Tildelingsbrev sendast føresette. Kopi: Elevmappe og PPT | Styrar/ kommunalsjef |
| Juni | Kort rapport om styrkingstiltak | Til eige bruk og PPT | Pedagog Styrar |

# 4.2 ÅRSPLAN – RUTINAR FOR ARBEIDET MED SPESIALUNDERVISNING I SKULEN

| Tid | Oppgåve/ handling | Merknad | Ansvar |
|---|---|---|---|
| August | Gjennomlesing av elevmapper. Sjekke tildelingsbrev og førebu skriving av IOP på nye elevar. | Sjå: *Rutinar for utarbeiding av IOP* | Kontaktlærar/ pedagog |
| Oktober – før haustferien | Frist for innlevering av ny IOP på nye elevar. | Gjeld alle som er tildelt timar til spesialundervisning | Kontaktlærar har det formelle ansvaret, men må skrivast i samarbeid med aktuelle lærarar. |
| Desember | Innlevering til spes.ped.koordinator av skjemaet: *Registrering av behov for tilleggsressursar til styrkingstiltak/ spesialundervisning* | Spes.ped.koordinator sender kopi til PPT | Kontaktlærar |
| Desember/ januar | Innlevering av halvårsrapportar | Gjeld alle som er tildelt timar til spesialundervisning. Sendast foreldra (originalen), PPT og kommunen. | Kontaktlærar<br>Rektor, som kan delegere det praktiske arbeidet til spespedkoordinator. Gjeld alle punkt i årsplanen. |
| Januar | Evaluere og ev redigere IOP for vårhalvåret | | Kontaktlærar |
| Januar | Drøftingsmøte mellom PPT og skule om tilråding og tildeling av ressursar | | PPT og skulane v. rektor |
| Februar/ mars | Tilråding av timar til spesialundervisning. Kan tilrå for fleire år, t.d. for eit hovudsteg | Frist for innsending til kommunen: 15.mars | PPT |
| Mars | Søknad om ressursar til spesialundervisning. | Skulen i samarbeid med føresette | Kontaktlærar/ spesped-koordinator |
| Mai/ juni | Evaluering av gjeldande IOP | Evaluerast i samarbeid med føresette/ elev | Kontaktlærar/ pedagog |
| Mai/ juni | Skrive halvårsrapport | Sendast foreldra (originalen), PPT og kommunen. | Kontaktlærar/ rektor |
| Før skuleslutt | Skriv IOP for kommande skuleår | Unnatak: Overgang barnehage/ skule (Overgang b.trinn-u.trinn. Gjeld berre Farnes)<br>Overgang u.trinn-vidaregåande skule | Kontaktlærar i samarbeid med pedagog og føresette/ elev |
| Juni | Utsending av IOP | Original til foreldre, kopi: Elevmappe og PPT | Rektor |
| 1. juni | Vedtak om spesialundervisning kommande skuleår | Tildelingsbrev sendast føresette. Kopi: Elevmappe, PPT | Rektor/ kommunalsjef |

# 5. PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT er ei kommunal teneste med heimel i opplæringlova. I opplæringslova står det at PPT skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Opplæringslova legg vekt på at PP-tenesta skal drive med systemretta arbeid. Før utgreiingar på individnivå ynskjer PPT å sjå på systemet rundt barnet/eleven. Det er ei oppgåve for PPT å førebyggje at barn og unge er symptombærarar på systemsvikt i opplæringsmiljøet.

Tilvising til PPT på systemnivå:

Fase 1: Førtilmeldingsfase:
- Skule/bhg. tek kontakt med PPT for å drøfte saka. Avtalar samtale mellom PPT og pedagog i bhg./skule om oppmeldinga skal koma på individ- eller systemnivå.
- Drøfting av problemstillinga, ev. tiltak, vegen vidare.

Fase 2: Tilmelding til PPT på systemnivå.
- Lærar/førskulelærar fyller ut tilvisingsskjema på systemnivå.
- Tilviser eit pedagogisk problem/utfordring – ikkje namngjeven elev/barn.
- Kva tilpassa opplegg har bhg./skulen nytta i denne saka?
- Beskrive korleis dei tilpassa opplegga har fungert
- Treng skulen/bhg. kurs, kompetanse, program, hjelpemiddel innan det aktuelle området?
- Treng skulen/bhg. rettleiing frå PPT i høve til å utvikle dei tilpassa pedagogiske opplegga?

Fase 3: PPT sitt arbeid på systemnivå:
- Ein til to tilsette frå PPT går inn i klassen/bhg. og observerer/gjev rettleiing til pedagog. Eventuelle tiltak vert prøvd ut i 1-2 mnd. PPT kjem tilbake og vurderer utviklinga saman med pedagog. Ein vurderer om det bør kome oppmelding på individnivå. Saker som kan kome direkte på indivinivå er: Psykiatri, nytilflytta, elevar som ikkje er fanga opp i høve fagvanskar eller at foreldra ynskjer å melda barnet sitt til PPT.

Fase 4: Vidare arbeid i systemsaka.
- Skule/bhg. og PPT gjer klare avtalar om det vidare arbeidet i saka.

For oppmeldingar på individnivå sjå " Handlingssirkel for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp" s. 10 – 11.

# 6. ANDRE FAGMILJØ

## 6.1 STATPED VEST

Statped Vest er eit statleg spesialpedagogisk kompetansesenter i Vest- Noreg som skal gje støtte til opplæringsansvarlege i kommunar og fylkeskommunar. Her er det eit samla fagmiljø med høg kompetanse på ulike fagområde innan det spesialpedagogiske feltet. Fagområda er høyrsel, språk, læring, åtferd og døvblinde. I samarbeid med andre etatar er det Statped Vest si oppgåva å sikra brukarane eit optimalt tilbod. Statped Vest har hovudkontor i Bergen og avdelingar på Sandane og i Stavanger. PPT kan tilvisa til Statped Vest.

## 6.2 SOGNDAL BUP

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, BUP, er eit tilbod i spesialisthelsetenesta for barn og ungdom. Arbeidet er organisert som eit poliklinisk tilbod innan psykisk helsevern for barn og unge. Bup sine hovudoppgåver er å hjelpa barn frå 0-17 år og deira familiar i form av utgreiing, behandling, rådgjeving og rettleiing knytt til psykiske vanskar, åtferdsvanskar og lærevanskar. Dei ulike yrkesgruppene hjå Bup er: Barnepsykiatar, familieterapeut, nevropsykolog, kliniske pedagogar og sosionomar. Tilvising til Bup kan gjerast gjennom fastlege, leiar for barneverntenesta, andre helseinstitusjonar og andre privatpraktiserande spesialistar. PPT og helsestasjon kan tilvise i samarbeid med lege. Skular og barnehagar kan ikkje tilvise. Dei må gjera dette i eit samarbeid om søknad med PPT, helsestasjon, lege eller barneverntenesta. Ved tilvising skal det nyttast eit BUP-skjema. For barn og unge under 16 år er det naudsynt at begge foreldra samtykkjer om tilvisinga, dersom begge foreldre har foreldreansvar. Ungdom over 16 år kan sjølv avgjere om søknad til Bup. For ungdom som treng innlegging har Helse Førde ei ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH). Avdelinga har ansvar for ungdom mellom 12 og 18 år. Institusjonen ligg ved Førde Sentralsjukehus. Vanlege søknader går dit gjennom det lokale Bup. Akutt innlegging kan og søkjast gjennom legevakt. Familiehuset i Førde kan gje hjelp til familiar som treng utvida tilbod om behandling

## 6.3 BARNEHABILITERING

Barnehabiliteringa er ei spesialisthelseteneste som gjev tverrfaglege tenester til funksjonshemma og kronisk sjuke born og unge i Sogn og Fjordane. Barnehabiliteringa utfører tenester ute i kommunane og i lokala på Førde sentralsjukehus. Barnehabiliteringa består av barnefysioterapeut, ergoterapeut, sjukepleiar, vernepleiar, spesialpsykologar, spesialpedagogar, sosionom og sekretær.

<u>Målsettinga for arbeidet er:</u>

- Undersøka, diagnostisera og foreslå tiltak i samarbeid med dei kommunale hjelpetenestene
- Gje dei funksjonshemma med sine familiar informasjon og opplæring
- Tilby tenester for å styrke habiliteringsarbeidet i kommunane
- Samordne ulike spesialisttenester utanfor kommunalt hjelpeapparat

# 7. INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN,(IUP) OPPLÆRINGSPLAN(IOP) OG HÅLVÅRSRAPPORT

## 7.1 INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN (IUP)

### 7.1.1 Rettleiing for utfylling av IUP (Individuell utviklingsplan) og rapport

IUP og halvårsrapport gjeld for barn før skulestart som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Skjema med hjelpepunkt ligg under skjema. Skjema kan tilpassast etter behov og hjelpepunkt kan slettast. Les rettleiinga for IOP for å få hjelp til skriving/planlegging. Føresette skal skrive under på planen.

Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning kan nyttast i arbeidet. [http://www.udir.no/upload/Brosjyrer/Veiledn_Spesialundervisn_2009.pdf](http://www.udir.no/upload/Brosjyrer/Veiledn_Spesialundervisn_2009.pdf)

# 7.2 INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP)

## 7.2.1 Rettleiing for utfylling av IOP (Individuell opplæringsplan) og rapport

**Å lage opplæringsplan**
